Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl.12.00 til kl. 02.00

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er alle dagar frå kl 13.00 – 01.00

Skjenkeløyve vert gitt fram til 30.09.2024.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune

### **Utval for helse og omsorg 01.09.2020:**

#### **Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **HO- 065/20 Vedtak:**

I medhald av serverings- og alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Bøvågen øl og vinstue as org.nr 994548948 innvilga serverings- og skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 i omsøkte lokale i Bøvågen 1, 5937 Bøvågen.

Dagleg leiar for serveringsløyve er Jostein Rikstad.

Jostein Rikstad er styrar for skjenkeløyve og Svein Rikstad er avløyssar for styrar.

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl.12.00 til kl. 02.00

Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er alle dagar frå kl 13.00 – 01.00

Skjenkeløyve vert gitt fram til 30.09.2024.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

## **066/20: Meldingar og orienteringar**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orientering vert tekne til orientering.

### **Utval for helse og omsorg 01.09.2020:**

#### **Behandling:**

- Rådgjevar Line Thuen Waage i Plan og analyse orienterte om medverknads-prosess knytt til kommuneplanen - samfunnsdelen
  - Kommunalsjef Leni Dale gav ein situasjonsrapport for tiltak/beredskap under korona-pandemien.
- Utvalet tok meldingar og orienteringar til orientering.

### **HO- 066/20 Vedtak:**

Meldingar og orientering vert tekne til orientering.

**Arkiv:** <arkivID><jplID>  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 06.10.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
069/20	Utval for helse og omsorg	13.10.2020

## Opningstider NAV

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg tek saka til orientering.

### Politisk handsaming

Saka skal til behandling i utval for helse og omsorg og til orientering i kommunestyret.

### Bakgrunn

Interpellasjon om NAV sine opningstider var i kommunestyret 14.05.20. Kommunestyret vedtok at saka skulle til realitetshandsaming i Utval for helse og omsorg.

### KO- 045/20 Vedtak:

*Kommunestyret sender interpellasjonen over til fagutvalet, helse og omsorg, for vidare behandling der. I etterkant av behandlinga blir det og gitt ei orientering i kommunestyret.*

### Saksopplysningar:

25. august 2020 var Alver kommune ved ordførar, utvalsleiar for helse og omsorg, rådmann, kommunalsjef for helse og omsorg, leiargruppa ved NAV Alver og Fylkesmannen i dialogmøte om sosiale tenester i Alver. Tilgjengelegheit var eit sentralt tema.

Til møtet vart det laga ein presentasjon frå NAV der tilgjengelegheit og sosiale tenester var breitt presentert. Presentasjonen er oppdatert og tek høgde for følgjande som også er lagt med i eigne vedlegg:

- Fylkesmannen sitt referat frå dialogmøtet, brev datert 15. september 2020.
- NAV Alver sin søknad om støtte til Fylkesmannen å tenesta økonomisk opplysning, råd og rettleiing, forebyggande arbeid, drop-in- tilbod og gruppeundervisning, søknad datert 31. august 2020.
- Fylkesmannen sitt vedtak om å innvilge støtte til omstilling og nye arbeidsmåtar i NAV-kontoret, brev datert 11. september 2020
- Fylkesmannen si undersøking om tilgjengelegheit til sosiale tenester i NAV, 23. oktober 2020, brev datert 17. juli 2020.

### Vedlegg i saka:

06.10.2020	Interpellasjon kommunestyremøte _ Opningstider NAV	1455368
06.10.2020	Svar frå ordførar - interpellasjon NAV	1455369
06.10.2020	Interpellasjon - handsaming KS 14_05_2020	1455377
06.10.2020	Innvilge støtte frå Fylkesmannen 18 09 20	1455358

06.10.2020	Referat frå dialogmøtet 22 08 20	1455359
06.10.2020	Søknad om tilskot 31 08 20	1455360
06.10.2020	Til møte med Fylkesmannen 25. august 2020 - ajour pr. 30. september 2020	1455361
06.10.2020	Varsel om undersøking av tilgjengelegheit til sosiale tenester i Nav med besøk i kommunen 23. ok(164020)	1455362

---

**Fra:** Maria Færø <maria.faero@hotmail.com>  
**Sendt:** 17. februar 2020 21:27  
**Til:** Sara Sekkingstad; Tove Mette Arnø Fyllingen  
**Emne:** Interpellasjon kommunestyremøte 20.02.2»

Hei.

Vil komma med ein interpellasjon til møte førstkomande torsdag.  
Håper er har levert på rett måte

## Interpellasjon - Opningstider NAV Alver

Ordfører,

Alver FNB har fått fleire henvendelser frå fortvilte innbyggjarar som ikkje kjem i kontakt med NAV kontoret i Alver kommune. Det er åpningstider og tilgjengelighet i NAV-Alver denne interpellasjonen handler om.

NAV ( Ny arbeids-og velferdsforvaltning) er underlagt Arbeids-og sosialdepartementet og har ansvar for organisering og finansiering av arbeidsmarkedstiltak, trygdeytelser og sosialhjelp. Gjennom partnerskapene har kommune og stat felles ansvar for driften av NAV-kontoret og skal sikre samordna tjenestetilbud til brukarane. Velferdssystemet vårt skal sikre innbyggjarane økonomisk ved til dømes sjukdom, skade, lyte og økonomisk sosialhjelp. Mange av våre innbyggjarar får soleis inntekta si frå NAV og er avhengig å ha dialog med kontoret.

Men ordførar, tilgjengeligheten og åpningstida i NAV- Alver er skremmande dårleg. Vi er snart 30 000 innbyggjarar og 8 timer tilgjengelighet pr veke er fordelt slik; Måndag, tysdag, torsdag, fredag open [frå 10.00-12.00](#) og onsdag stengt, er etter vår mening slett ikkje tilfredsstillande.

FNB er sjølv sagt klar over at dialogen på nettet er meir tilgjengeleg. Men det betyr ikkje at ein nærmast kan stenge publikumskontakten, det må komme i tillegg. Ikkje alle er komfortable med skjemaveldet på nettet og «chat», men ynskjer heller dialog med ein saksbehandlar.

Ikkje berre den fysiske kontakten er begrensa. FNB er også kjent med at det også er krevande å oppnå telefonkontakt med NAV. I følgje NAV sjølv skal saksbehandlar kontakte den som ringte innan to dagar. I følgje innbyggjarar vert ikkje dette oppfylt.

FNB er tydeleg på at kritikken ikkje gjeld nokon spesiell saksbehandlar, men systemet og eigaren av NAV, nemleg stat og kommune.

FNB meiner Alver kommune har eit stort forbettringspotensiale mhp tilgjengelighet og vil derfor stilla ordførar følgjande spørsmål:



1. Synes ordførar at nemnde fysiske opningstider, dvs tilsaman 8 timar i veka er «godt nok» for innbyggjarane våre?
2. Kva er rutinene for tilgjengelighet og kommunikasjon i Alver NAV som sikrar at innbyggjarane tilgjengelighet?
3. Korleis vert innbyggjarar som treng krisehjelp (jfr Lov om sosiale tenester) utanom opningstidene ivaretatt?
4. Korleis går ein fram dersom ein treng å nå NAV utanom opningstidene ved andre henvendingar som ikkje gjeld krisehjelp?
5. Vil ordføraren ta initiativer til å gå i dialog med NAV om å forbetra tilgjengeligheten, her opningstider?

Framlegg til vedtak;

Alver kommunestyre ber om at ein går i dialog med Nav med det formål å betra fysisk tilgjenge for våre innbyggjar. Alver kommunestyre ber om tilbakemelding i neste kommunestyret.

Hilsen Maria Færø, Fnb Alver

### Svar frå ordførar:

1. Synes ordførar at nemnde fysiske opningstider, dvs tilsaman 8 timar i veka er «godt nok» for innbyggjarane våre?

### Svar:

Innbyggjarar, bedrifter og NAV Alver kan møtast fysisk på fleire mange måtar:

- Timeavtaler og planlagte møter
- Drop-in
- Gruppetilbod som ungdomstilbod, jobbsøkaraktivitet, rekrutteringstreff, språktrening, lekseverkstad, opplæringsløp i introduksjonsprogrammet osv.

NAV Alver har to midlertidig publikumsmottak i dag: I Knarvik og på Frekhaug, der tidlegare NAV Lindås og NAV Meland held til. Nye lokale er under planlegging, og ved 1. januar 2020 var det lagt til grunn at ingen av dei hadde kapasitet til å handtere all publikumskontakt for det nye NAV Alver, slik at begge vert drifta både med timeavtaler, møter og drop-in fram til nye lokalitetar er klare i Norbo-bygget i Knarvik.

Timeavtaler og planlagde møte står for storparten av fysiske møte, og publikumsmottaka våre har ope for det på kvardagar mellom kl. 08.30 – 15.00. Dei fleste møta skjer på NAV-kontoret, men stadig fleire av møta skjer hjå arbeidsplassar og samarbeidspartar, der det er tenleg.

I tillegg held NAV Alver ope fleire dagar i veka for drop-in-besøk, det som i interpellasjonen er skildra som opningstid på 8 timar pr. veke. Drop-in-besøka er over tid redusert då behovet for å møte opp slik har endra seg mykje. Årsaka til det er fleire: Tilbodet om timeavtaler er betre enn tilfeldige drop-in-besøk, digital verktøy gjer det enklare for mange å ha kontakt, og NAV-kontora sine tenester er endra mykje. I 2017 vart det innført ei endring i NAV for å betre kvalitetssikre informasjon om statlege ytingar, betre samordning mellom ulike einingar i NAV og styrke NAV lokal sin bistand til brukarar for overgang til arbeid. Endringa innebar å leggje informasjon om statlege ytingar til NAV Kontaktsenter og rutinar vart utarbeida for å sikre at brukarar som framleis treng fysisk oppmøte får hjelp til dette frå det lokale NAV kontoret.

For å yte god oppfølging og saksbehandling er timeavtaler det føretrekte møtepunktet, og ikkje tilfeldige drop-in-besøk. Individuelle omsyn er best å ivareta i timeavtaler, framfor i eit ope publikumsmottak. I ein timeavtale kan rettleiar førebu samtalen og setje opp den tida som er naudsynt, som regel 30-60 minuttar. Under drop-in-besøk kan ein få informasjon tilsvarende det som ligg på heimesider hjå nav.no og alver.kommune.no. Ein kan få hjelp til å finne fram i hjelpeapparatet, hjelp til sjølvbetjeningsløysingar, og levere søknader om

sosialhjelp og dokumentasjon. Det vert ikkje gjort «saksbehandling over disk» då alle søknader vert følgt opp individuelt.

Ei kartlegging i dei tre Alver-kontora våren 2019 viste at på det meste vert gjennomført ca. 50 timeavtalar og planlagde møte for dagen. Frå nyttår då NAV Alver vart etablert erfarte vi at innbyggjarane tilpassa seg fort endringane ved at NAV Alver sin lokalitet i Knarvik får eit større besøk frå alle delar av kommunen enn venta, medan Frekhaug har eit mindre og minkande publikumsbesøk enn venta. Ny kartlegging av fysiske brukarmøte vart derfor planlagd i vår, men pga. korona-situasjonen utsett. Utfrå dei lokalitetar og rammar NAV-kontoret har er det eit ønskje å dimensjonere dei ulike kanalane så det blir som best utfrå behov og ressursbruk. NAV Alver sine opningstider for drop-in skil ikkje ut i høve til andre NAV – kontor på same storleik. NAV Bjørnafjorden har ope for drop-in-besøk måndag, onsdag og fredag kl. 11.00 – 14.00, NAV Sunnfjord og NAV Askøy har ope for drop-in måndag, onsdag og fredag kl. 12.00 - 14.00.

NAV Alver har i lag med innbyggjarservice i Alver kommune laga ein tenestepakke slik at innbyggjarar kan møte opp t.d. på Manger å få hjelp til å kontakte NAV eller levere søknad om sosialhjelp. NAV Alver kan gjennomføre timeavtalar i lokala til innbyggjarservice.

2. Kva er rutinene for tilgjengelighet og kommunikasjon i Alver NAV som sikrar at innbyggjarane tilgjengelighet?

**Svar:**

Auka digitalisering og endra tenester/oppgåver ved det lokale NAV-kontoret har redusert behovet for å møte opp fysisk. Digitale løysingar er etterspurt av mange og aukar tilgjengelegheit, og NAV har over tid prioritert ressursar for å lage brukarvenlege og enkle løysingar. Mange erfarer det som ei forenkling og modernisering, medan andre kan bli usikker og sakne det tradisjonelle oppmøte til ein skranke i eit offentleg kontor.

NAV-kontoret har sidan NAV-etableringa i 2006 endra seg mykje. Til dømes er vedtak og utbetalingar av pensjonar, foreldrepengar, pleiepengar, sjukepengar, dagpengar lagt til andre NAV-einingar enn det lokale NAV-kontoret. Det gjeld også all rettleiing og informasjon om desse stønadene, og informasjon om status og utbetaling i den einkilde si sak. Tidlegare måtte ein også møte opp ved det lokale NAV-kontoret for å levere søknader, skjema, meldekort og dokumentasjon osb. Dei fleste ordnar dette i andre kanalar enn fysisk oppmøte, og berre dei som treng hjelp til å finne ut av det møter opp på NAV-kontoret eller ringjer NAV Kontaktsenter.

NAV sine mange kontaktflater utanom timeavtalar og gruppetilbod:

- Bruke Ditt NAV eller chat med oss på [nav.no](http://nav.no)
- Ring 55 55 33 33 for hjelp eller for å avtale ein time med rettleiar
- Spørsmål om pensjon? Ring oss på 55 55 33 34
- Spørsmål om gjeldsrådgjeving? Ring oss på 55 55 33 39

- Er du arbeidsgjevar? Ring oss på 55 55 33 36
- Innbyggjarservice i Alver kommune på telefon eller oppmøte kvar dag kl

08.30- 15.00

- Drop-in-besøk på bestemte tider hjå NAV Alver

For dei innbyggjarane som ikkje brukar digitale løysingar gjev NAV opplæring og rettleiing for å medverke til at innbyggjarar får digital kompetanse. I publikumsmottaka våre har vi Pcar, skrivar og kopimaskin for dei som treng det. Det næraste føremålet er at innbyggjarane er sjølvhjelpne og digitale, ikkje berre for å meistre digitale løysingar hjå NAV, men også fordi arbeidsliv og samfunnsliv fordrar grunnleggjande digital kompetanse som t.d. kunne logge seg på med Bank ID.

I ungdomstilbodet vårt «Aktiviteten» deltar også sosialfagleg rettleiar, slik at desse ungdomane får evt. hjelp til sosialhjelp ivaretatt der, og treng ikkje møte i publikumsmottaket.

Koronasituasjonen gjorde at NAV Alver fekk på plass fleire kanalar for å styrke tilgjengelegheita då publikumsmottaka vart stengde for fysisk oppmøte og tilsette måtte arbeide på heimekontor.

- Frå 12. mars 2020 etablerte NAV Alver to kontakttelefonar for å sikre lett tilgjenge for dei som treng krisehjelp, økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving eller Flyktingtenesta.
- 30. mars 2020 fekk NAV Alver og dei andre NAV – kontora i Nordhordland digital og etterspurt løysing for å levere søknader om sosialhjelp. Ei digital løysing for å søkje sosialhjelp vil bety at færre treng møte opp for å levere søknad og dokumentasjon. Erfaringar frå andre NAV-kontor med digital løysing for sosialhjelp syner at mellom 65-75% av søknadene kjem til NAV digitalt. Ei digital løysing for sosialhjelp vil styrke tilbodet til innbyggjarane både i høve tilgjenge og service.

I Knarvik er det postkasse i 1. etg, som innbyggjarane kan bruke dersom ærendet deira består av å levere dokumentasjon, søknader eller anna. Innbyggjarar kan også levere inn post til NAV Alver hjå Innbyggjarservice. Under koronasituasjonen frå 12. mars har innbyggjarar lagt post til NAV i postkassane til Innbyggjarservice, som vi har fått i hende via internposten. Samarbeidet med Innbyggjarservice er kome i stand pr. nyttår 2020, vi har jobba ut tenestepakke/rutiner og det er gjennomført opplæring slik at ein er trygg på kva ein tek i mot og korleis lose innbyggjarar til NAV.

Informasjonsarbeid er viktig for å styrke tilgjengelegheita. Heimesidene til Alver kommune er ein viktig kanal, og det er også kontakt og samarbeid med faginstansar og hjelpeapparatet.

3. **Korleis vert innbyggjarar som treng krisehjelp (jfr Lov om sosiale tenester) utanom opningstidene ivaretatt?**

Svar:

NAV Alver har ope på dagtid og på kvardagar.

Fram til kl. 15.30 kan ein ringe NAV Kontaktsenter eller fram til kl. 15.00 kan ein ringje eller møte opp ved Innbyggjarservice.

- NAV Kontaktsenter har tilgang til opplysningar om utbetalingar av sosialhjelp, lengde på vedtak som dei informerer om. Dei gjer rettleiing eller hjelper til å få timeavtale.
- Chat med NAV om sosialhjelp på sjølvbetjeningsløysingar. Chat sosial er ope kvardagar kl. 09.00-14.30
- Kontakt/behov formidlast utover kontortid gjennom «Mitt NAV», men vert ikkje handsama før neste virkedag
- Innbyggjarservice har intern kontakttelefon som fungerer som vakttelefon i ein krisesituasjon eller til rettleiing for innbyggjarservice, den er betjent dagleg kl. 08.00 – 16.00

Ved krisehjelp der til dømes innbyggjar manglar ein plass å sove, mat eller medisinar gjeld det eigne rutinar for NAV Kontaktsenter. Dei tek då kontakt med ein gong med lokalt NAV-kontor ved rettleiar eller leiar for å varsle om krise. Dersom det er barn involvert er terskelen låg for å definere ærendet som krisehjelp. Krisehjelp skal ytast innan 48 timar, og avhengig av når dagen krisebehovet vert meldt vert det ytt krisehjelp same dag eller innan neste dag. Spesielt på innkomne saker om krisehjelp på fredagar er det auka innsats for å handtere dette før helga.

NAV Alver har eigne kontaktpersonar for kommunen sitt psykososiale kriseteam for å medverke til direkte samhandling for innbyggjarar i større kriser.

4. **Korleis går ein fram dersom ein treng å nå NAV utanom opningstidene ved andre henvendingar som ikkje gjeld krisehjelp?**

**Svar:**

Svaret på dette vert det same som på spørsmål 3.

5. **Vil ordføraren ta initiativer til å gå i dialog med NAV om å forbetra tilgjengeligheten, her opningstider?**

**Svar:**

NAV Alver skal i løpet av 2020 få utvida og til dels nye lokale i Knarvik. Eit av dei viktigaste omsyna ved nye lokalitetar er utbetring av publikumsområdet. I 1.etg skal det etablerast eit moderne møtesenter med gode fasilitetar for time-avtalar, drop-in, publikum-pc, opplæring,

informasjonsmøte og aktivitetstilbod. Noverande publikumsområde er ikkje lenger tenleg i høve til brukaroppleving, drift, logistikk og tryggleik.

I samanheng med opning av nytt møtesenter skal også spørsmål om opningstider avklarast i partnarskapet for NAV Alver (kommunal/Alver kommune og statleg/NAV Vestland eigar).

**Arkiv:** FE-033, HistSak-14/3748  
**JournalpostID:** <jplD> 20/25609  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 05.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
045/20	Alver kommunestyre	14.05.2020

### Interpellasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Alver kommunestyre 14.05.2020:**

#### Behandling:

Kommunestyret røysta over realitetshandsaming av saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om å realitetshandsama saka.

#### Framlegg frå Ø.Oddekalv-Ap:

Oversendingsforslag: Kommunestyret sender interpellasjonen over til fagutvalet, helse og omsorg, for vidare behandling der. I etterkant av behandlinga blir det og gitt ei orientering i kommunestyret.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### KO- 045/20 Vedtak:

Kommunestyret sender interpellasjonen over til fagutvalet, helse og omsorg, for vidare behandling der. I etterkant av behandlinga blir det og gitt ei orientering i kommunestyret.

#### Vedlegg i saken:

18.02.2020 Interpellasjon kommunestyremøte (20.02.20) (26.03.20) 1352388  
14.05.2020



Vår dato:  
11.09.2020

Vår ref:  
2020/11680

Dykkar dato:  
31.08.2020

Dykkar ref:  
Susanne Gjelsvik

Nav Alver  
Kvernhusaugane 2  
5914 Isdalstø

Saksbehandlar, Innvalstelefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

## Svar på søknad om tilskot til dei sosiale tenestene i Nav for å handtere konsekvensar av Covid-19

I medhald av fullmakt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet innvilgar vi søknaden dykkar om tilskot med **500 000 kroner**. Tilskotet er gitt over statsbudsjettet kapittel 0621 post 63.

### Tilskotsordninga

Den mellombels tilskotsordninga skal støtte omstilling og nye arbeidsmåtar i Nav-kontoret for å handtere ein forventa auke i behovet for sosiale tenester og tiltak etter sosialtenestelova som følgje av utbrot av Covid-19 og konsekvensar av smitteverntiltak i samband med Covid-19.

Tilskotet til Nav Alver er gitt ut frå ei samla vurdering av grunngevinga i søknaden dykkar. Tilskotet skal brukast til dei føremål som er beskrive i søknaden, og i samsvar med reglane for denne tilskotsordninga. Tilskotet skal primært brukast til løn og lønsrelaterte utgifter. Kostnader ved tiltaket utover det vi innvilgar i tilskot, må kommunen sjølv dekke.

Tilskotet er gitt for ein periode på eitt år frå oppstartsdato for tiltaket. I og med at tilskotsordninga er mellombels, kan ein ikkje rekne med ytterlegare tilskot til tiltaket etter at denne perioden er omme.

### Fordeling av tilskotsmidlar

Vi har mottatt søknader som til saman langt overstig summen av tilskotsmidlar som vi har til rådvelde. Vi har difor måtta avslå søknader sjølv om dei tilfredsstillar kriteria for tilskotsordninga, og dei som får tilskot får ikkje innvilga så mykje som dei har søkt om.

### Utbetaling

Tilskotet vil bli betalt ut når den vedlagde stadfestinga på at kommunen aksepterer vilkåra for tilskotsordninga er returnert i utfylt og signert stand. Stadfestinga bør sendast per omgåande, og skal sendast innan fire veker etter mottak av dette brevet.

### Rapporteringskrav

Frist for ei kort statusrapportering er 15. januar 2021. Frist for rapportering på måloppnåing, erfaringar og rekneskap er 1. oktober 2021. Det er ikkje krav om at rekneskapen skal reviderast av revisor. Rapportering skal gjerast på elektroniske skjema som vi vil sende dykk.

E-postadresse:  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665





### **Kontroll og eventuell tilbakebetaling**

Tilskotsmidlane kan ikkje omdisponerast eller brukast til andre føremål, og vesentlege endringar i tiltak som tilskotet er innvilga til må avklarast med oss.

I samsvar med paragraf 10 andre ledd i statens løyvingreglement har Fylkesmannens og Riksrevisjonen rett til å kontrollere at tilskotsmidlane er brukt etter føresetnadene.

Dersom ikkje heile tilskotet er brukt før tiltaket er avslutta, skal attståande beløp attendebetalast til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tak i tilfelle kontakt med direktoratet på [direktoratet@nav.no](mailto:direktoratet@nav.no), og informer oss samtidig.

### **Referansenummer**

Ver venleg å føre vårt referansenummer 2020/11680 på korrespondanse som gjeld tilskotet.

### **Lykke til**

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet, og ser fram til å høyre om resultatane.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonssjef

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne underskrifter.*

Kopi til Arbeids- og velferdsdirektoratet



## Stadfesting på aksept av vilkår for tilskot til dei sosiale tenestene i Nav for å handtere konsekvensar av Covid-19

Stadfestinga kan sendast i utfylt stand til Fylkesmannen i Vestland på organisasjonsnummer: 974760665, eventuelt per e-post til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) eller per brevpost til:

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

*Fylkesmannens referanse: 2020/11680*

### STADFESTING

Kommunens/tilskotsmottakars organisasjonsnummer:

.....

Bankkontonummeret som tilskotet skal betalast inn på:

.....

Skal vi merke bankoverføringa med noko?

.....

Nav Alver har i brev datert 11. september 2020 fått tilsegn om eit tilskot på **500 000 kroner** over statsbudsjettet kapittel 0621.63.

Alver kommune/Nav Alver stadfestar med dette å ha lese og godteke dei vilkåra som er gitt i tilsegnsbrevet av 11. september 2020.

.....  
stad

.....  
dato

.....  
signatur av rådmann/Nav-leiar, eller den som  
har fullmakt til å signere på vegner av rådmann/Nav-leiar





Vår dato:  
15.09.2020

Vår ref:  
2020/1488

Dykkar dato:

Dykkar ref:  
v/Ørjan Raknes  
Forthun

ALVER KOMMUNE  
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Siren Rørgård Skjerven, 5764 3184

## Referat frå møte om sosiale tenester i Nav Alver 25. august 2020

Kommune	Tilgjenge	Dei fem tenestene	Kompetanse	Brukarmedverknad	Barneperspektiv	Samarbeid med andre	Tilsyn	Styring og ansvar	Økonomi	Leiging av Nav-kontoret
Alver	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul	Grøn	Gul	Grøn	Grøn

Om fargekodane og deira tyding:

Grøn: Lav risiko. Gul: Middels risiko. Raud: Høg risiko.

### Konklusjonar

#### Tilgjenge

- Har gjort kartleggingar av behov. Har samarbeidsavtale om tre lokasjonar. Har vakttelefon, og tett samarbeid med innbyggjarservice. Digisos har bidratt positivt til tilgjenge. Samarbeid om klarspråk i Nordhordaland. Det er politisk interesse og sosialt engasjement i kommunen.

#### Dei fem individuelle tenestene

- Har merksemd på rettleiing. Kommunen held barnetrygd utanom inntektsberekninga ved økonomisk stønad. Kommunen er kjent med at det er relativt få KVP deltakarar i kommunen, og arbeider med saka. Fylkesmannen informerte om at Nav Alver er det Nav-kontor i fylke som brukar lengst tid på å få sendt klagesakene til Fylkesmannen.

#### Kompetanse

- Det er 70 tilsette i Nav-kontoret, fordelt på tre avdelingar. Nav vurderer å ha god kompetanse i kontoret, inklusiv sosialfagleg kompetanse.



#### Brukarmedverknad

- Vurderer å ha potensiale for å bli enno betre.

#### Barneperspektivet

- Nav vurderer å ha potensiale for å sikre barneperspektivet i saksbehandlinga.

#### Samarbeid med andre

- Alver er ny kommune, og koronasituasjonen gjer at dei vurderer seg gul. Informerer om etablerte, gode samarbeidsforum i Nordhordaland.

#### Tilsyn

- Har ikkje hatt tilsyn eller tilsynssaker etter at dei blei ny kommune.

#### Styring og ansvar

- Koronasituasjonen har gjort at ein ikkje er kome i gang med orientering til politikarane. Kommunen vurderer at det er låg risiko knytt til administrasjonen.

#### Økonomi

- Har overført midlar frå økonomisk stønad til kvalifiseringsprogram. Økonomien avgrensar ikkje tenestetilbodet.

#### Leiing av Nav-kontoret

- Kommunen vurderer at det ikkje er særskilt risiko knytt til leiinga av Nav-kontoret.

#### Møtedeltakarar:

##### Frå Alver kommune

Sara Hamre Sekkingstad, ordførar

Ståle Juvik Hauge, leiar for utval helse og omsorg

Ørjan Raknes Forthun, rådmann. Deltok i deler av møte

Leni Dale, Kommunalsjef helse og omsorg

Jane Britt Daae, Nav-leiar og regionleiar for Nav Hordhordaland

Susanne Gjelsvik, avdelingsleiar service og velferd Nav

Arrgunna Haga, avdelingsleiar ungdom og integrering Nav

Inger Lise Brekke, avdelingsleiar arbeidsliv Nav

##### Frå Fylkesmannen i Vestland

Helga Arianson, fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen, seksjonsleiar

Siren Rørgård Skjerven, seniorrådgjevar

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonssjef

Siren Rørgård Skjerven  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: NAV Alver v/ Nav-leiar Jane Britt Daae

## Midlertidig tilskudd til de sosiale tjenestene i NAV-kontoret for å håndtere konsekvenser av Covid-19

Når søknadene er mottatt vurderes de fortløpende. Siste frist for å sende inn søknad er 1. september 2020. Utfylt søknad signeres og sendes til fylkesmannen i ditt fylke. Du finner kontaktinformasjon på fylkesmannen.no.

### 1. Opplysninger om søker.

NAV-kontor	NAV Alver
Postadresse	Kvernhusaugen 2, 5914 Isdalstø
Organisasjonsnummer	988240818
Kontonummer	32010589311
Navn til kontaktperson	Susanne Gjelsvik
Telefonnummer til kontaktperson	41340498
E-post til kontaktperson	Susanne.gjelsvik@nav.no
Navn på tiltaket	1. Drop In- Tips og råd privatøkonomi Alver kommune 2. Gruppeundervisning

### 2. Beskriv utfordringer for de sosiale tjenestene som følge av utbruddet av Covid-19.

Utbruddet av covid-19 førte til at svært mange arbeidsplasser ble stengt ned, noe som resulterte i 438 000 søknader om dagpenger nasjonalt. De fleste av disse søkte i mars og april, og nesten 70 000 venter fremdeles på utbetaling av dagpenger i landet. Vi vet at reduksjon i inntekt over tid setter mange i en sårbar situasjon og vil kunne gi økonomiske konsekvenser for brukerne. Som følge av restriksjonene under utbruddet av covid-19, har det vært utfordrende å være tilgjengelig og synlig nok for brukerne. NAV Alver sitt tilbud ble redusert med hensyn til smittevern. Dette kan ha gitt utfordringer for noen av våre brukergrupper. Vi antar at begrenset kontakt over tid vil kunne øke terskelen for å ta kontakt med NAV, og dermed kan spesielt de økonomiske utfordringene øke.

For å kunne forhindre varige økonomiske vansker vil det være avgjørende å få rett hjelp til rett tid. Utfordringene knyttet til dette vil være hvordan man skal kunne yte tilstrekkelig og riktig hjelp under denne tiden med restriksjoner.

Covid 19 har rammet mange av innbyggerne i NAV Alver slik at en har fått redusert inntekt. Vi vet at økonomiske vansker ofte er tabubelagt, noe om kan gjøre terskelen for å ta kontakt med NAV høy og stiller større krav til NAV sin tilgjengelighet.

Vi har evaluert Drop In tilbudet til NAV Alver 26.08.20 og trukket ut erfaringer fra sommeren 2020. Drop In har fått brukere inn som opplever å være i en krisesituasjon og er engstelige for egen økonomisk situasjon. Brukerne har likevel gjerne inntekt som gjør at de ikke kvalifiserer for sosialhjelp. Disse brukerne er ikke kommet i en situasjon enda der de har fått uhåndterbar gjeld og vegrer seg for å oppsøke gjeldsrådgiver. Vi har spurt oss selv om hvordan vi kan skap en lett tilgjengelig tjeneste slik at bruker ser nytten av råd og veiledning selv om NAV ikke kan bidra med økonomiske ytelser. Det er viktig for disse brukerne å komme lett til rett kompetanse, bli hørt, hjelp til å få oversikt/sortere tanker.

En forlengelse av ett aktivt arbeid med brukere med gjeldsbyrde er frivillig forvaltning. Dette tilbudet er ett godt virkemiddel for brukere som trenger aktiv hjelp og opplæring for en periode. NAV Alver vil styrke området ytterligere.

Alver kommune er nyetablert som kommune. NAV Alver har gjort mer enn en sammenslåing- organisasjonskartet er nytt og dermed er nye strukturer under ombygging. Dette gjelder også etablering av samarbeidsrelasjoner og system for samarbeid. Gjeldsteamet i NAV Alver har spurt samarbeidsinstansene hva som er viktig for dem og deres brukergrupper.

Flere av samarbeidsinstansene gir uttrykk for at det er vanskelig å komme i posisjon til å kunne avhjelpe i forhold til helse da de økonomiske bekymringene er så store. Spørreundersøkelsen gikk til våre kommunale samarbeidspartnere, herunder DPS, Barnevern og psykisk helse og rus. Fokuset for undersøkelsen var blant annet knyttet til de økonomiske problemstillingene som oppstår i deres relasjon til de aktuelle brukergruppene. Formålet var også hvordan vi i tiden fremover kan samarbeide for å kunne oppnå hovedmålsettingen, samt å forbedre tilbudet av tjenesten. Svarene vi fikk inn bestod i at økonomiske problemer skaper stor bekymring, og opptar mye av fokuset til brukerne og gjør det vanskeligere å holde fokus på behandlingsrelaterte problemstillinger. I saker hvor veiledning er tiltak blir klienten sitt fokus på økonomi og vansker knyttet til dette, fokuset barn/a blir derav delvis fraværende. Videre gir økonomisk usikkerhet en konstant bekymring hos brukere, følelse av utenforskap ved at man ikke kan delta i aktiviteter som koster penger, forsterker eksisterende psykiske problem i form av grubling og lignende

### 3. Beskriv hvilke(n) tjeneste(r) og tiltak som skal utvikles eller omstilles.

NAV Alver utvikler tjenesten økonomisk opplysning, råd og veiledning. Tjenesten økonomisk råd og veiledning skal utvikles for å få konkrete forebyggende tiltak. Vi skal øke tilgjengelighet og synlighet.

#### Utviklingsområder

1. Drop In- Tips og råd privatøkonomi Alver kommune
2. Gruppeundervisning

#### 1. Drop In- Tips og råd privatøkonomi Alver kommune

## Mål

- Fortløpende behandling av henvendelser
- Nå brukere i en vanskelig økonomisk situasjon som ellers ikke ville kommet på NAV kontoret
- Økt tilgjengelighet i kommunen
- Forebygge ventede økonomiske problemer som følge av Covid 19

## Tiltak

- Vi gjør tjenesten tilgjengelig og synlig utenfor NAV kontoret ved å inngå samarbeid med Innbyggjerservice og plassere Drop In der
- Vi gjør tilbudet tilgjengelig på flere lokasjoner i kommunen
- Vi behandler henvendelser fortløpende i Drop In
- Vi setter økonomisk kompetanse i førstelinje- bruker treffer økonomisk kompetanse direkte uten søknad, m.m
- Vi informerer bredt ut om tilbudet på kommunen sin hjemmeside, facebook-side og til samarbeidsinstanser

## 2. Gruppeundervisning

Bakgrunn- NAV har fått innspill fra samarbeidspartnere etter spørreundersøkelse (DPS, Barnevern og psykisk helse og rus). Undersøkelsen viser oppsummert behov for utveksling av informasjon om hverandre sine tjenester. Økonomiske spørsmål tar fokus bor fra primæroppgavene til samarbeidspartnerne våre. Det meldes ønske om opplæring knyttet til økonomi for samarbeidspartnere og direkte til brukergruppene.

## Mål

- Økt samarbeid på bruker og systemnivå
- Raskt tilpasse tjenesten til sårbare brukergupper

## Tiltak

- Vi oppretter faste møtetidspunkt mellom gjeldsteam, DPS, psykisk helse og barnevern for drøfting av enkeltsaker og faglig informasjonsutveksling
- Vi tilbyr opplæring knyttet til økonomi til samarbeidsinstanser. Dette vil i første omgang gi økt kunnskapsnivå som kan brukes i deres relasjon med bruker. Videre vil avstanden mellom brukerne og NAV blir mindre ved at tjenesten blir mer synlig, og tilbudet blir mer kjent.
- Kurs for ulike brukergupper i privatøkonomi



4. **Beskriv målgruppen(e), antall i målgruppen og hvor mange som antas å få tilbud gjennom tiltaket.**

**Målgruppe: Drop In tips og råd privatøkonomi Alver kommune**

Målgruppen for tiltaket "Drop In" er innbyggere i Alver som grunnet Covid 19 har fått sin inntekt vesentlig redusert og har utfordringer med å håndtere den nye økonomiske situasjonen.

**Bakgrunnstall**

Arbeidsledige/permitterte Alver August 2020:

- Totalt 1071 registrerte arbeidssøkere
- 174 helt ledige uten yting – 16 %
- 850 voksne arbeidssøkere – 124 heilt ledige uten yting – 15 %
- 266 ungdommer arbeidssøkere – 50 heilt ledige uten yting – 19 %

Tiltaket "Drop In" ventes å treffe en bred målgruppe, arbeidet er forebyggende og det ventes korte oppfølgingsløp. Vanskelig å si helt konkret hva behovet er i Alver kommune men tallet på arbeidsledige sier oss noe om mengde av potensielle brukere. Mange innbyggere vil selv håndtere redusert inntekt, herav vil en % av antall arbeidsledige/permitterte ønske samtale om økonomi.

**Hvor mange ventes å få tilbudet?**

Vi legger opp til en kapasitet på 26 brukermøter i uken på Drop In. Noen ventes å ha behov for oppfølging videre av gjeldsteamet. Målet er likevel å løse de fleste sakene i det første møtet.

**Målgruppe: Gruppeundervisning**

Målgruppene for tiltaket "Gruppeundervisning" er voksne med barn, og voksne med psykisk helse- og eller rusproblematikk.

**Bakgrunnstall for målgruppe**

NAV, psykisk helse og forvaltningskontoret kartla i 2018 brukere med rusutfordringer i 2018 i "brukerplan" (Korfor regionalt kompetansesenter for rusmiddelforskning i helse Vest). 30 brukere ble identifisert i denne målgruppen i Lindås kommune. Høyre antall ventes i Alver kommune.

NAV Alver har 117 barnefamilier som mottar sosialhjelp per august 2020. Av disse vil det være saker som har kontakt med både NAV og barnevern som kan være i målgruppen.

I 2020 har NAV Alver og DPS hatt ca 7 fellessaker. Med den kontakt vi har hatt med DPS er det forespeilet ett større behov når NAV sitt tilbud blir forebyggende. Vi venter å kunne rekruttere brukere til gruppeundervisning med inntil 15 per kurs.

**Hvor mange ventes å få tilbudet?**

Kurs økonomi rus 15 deltakere på 6 mnd  
Kurs økonomi psykisk helse 15 deltakere på 6 mnd  
Kurs økonomi voksne med barn 15 deltakere på 6 mnd  
Opplæring økonomi samarbeidsinstanser - 3 samlinger på 6 mnd  
Totalt- 4 kursrekker med 45 brukarar og informasjonstilbud til 3 samarbeidsinstanser på 6 måneder

## 5. Hva ønsker dere å oppnå med tiltaket?

Vår målsetting er å arbeide forebyggende for å unngå en økning av behov for sosialetjenester. Vi ønsker å komme tidlig inn i prosessen før problemene eskalerer, da for å unngå langvarige konsekvenser for brukerne. Et økt samarbeid mellom de ulike instansene i kommunen vil gi et tilpasset og bedre tilbud for målgruppene, og samtidig styrke det interne samarbeidet.

Videre har vi som målsetting å styrke det forebyggende arbeidet rettet mot økonomiske problemstillinger, og økt synlighet og tilgjengelighet av tjenesten vil være avgjørende for å oppnå dette.

Samlet sett vil dette redusere ventetid på tjenesten, og gi målgruppene en tilpasset rådgivningstjeneste.

## 6. Fremdriftsplan, inkludert ressursbruk

Fremdriftsplan	Uke
Starte individuelle samarbeidsplaner med barnevernet, DPS og psykisk helse og rus. Herunder faste møtepunkt, intern undervisning, informasjonsdeling med mer	41
Starte prosess av drop-in på de ulike innbyggertorgene i kommunen. Klargjøring av praktiske forhold mm	41
Synliggjøring tjenesten i ulike media	43
Oppstart Drop-in	45
Rapport inn Fylkesmannen	2
Starte prosess av økonomikurs, herunder utvikle program for kurs.	3
Evaluering drop-in. Forbedringer?	5
Publisere oppstart av kurs med fokus på privat økonomi herunder hjelp til budsjett	11
Oppstart økonomikurs på ettermiddagstid	15
Evaluering økonomikurs	23
Rapport Fylkesmannen	39

Ett årsverk brukes på forebyggende arbeide

## 7. Søknadssum og budsjett

Søknadssum	600 000- en full stilling
Budsjett for tiltaket	600 000

## 8. Underskrift

Vi bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at vi er kjent med plikten til å melde fra om eventuelle endringer som oppstår, og som kan ha betydning for vedtaket og tildelingen

Sted	Dato	Rådmann/ kommunens administrative ledelse

	31/8 2020	
Sted	Dato	NAV leder



**Dialogmøte 25. august 2020  
om sosiale tenester**

**mellom  
Fylkesmannen i Vestland –  
Alver kommune & NAV Alver**



## Invitasjon til møte om sosiale tenester i Nav

Fylkesmannen inviterer øvste politiske og administrative leiing i Alver kommune og Nav-leiar til møte om dei sosiale tenestene i Nav Alver. Det er ønskjeleg at også politisk utvalsleiar deltek.

Møte kjem i stand på initiativ frå Arbeids- og velferdsdirektoratet som eit **bidrag til utvikling av samarbeidet mellom kommuneleiing og leiar av dei sosiale tenestene.**

Fylkesmannen ønsker å **bidra til eit tydeleg og godt forankra eigarskap til dei sosiale tenestene i kommuneleiinga og at øvste leiing og leiar av tenenesta får ei felles forståing for arbeidet i tenesta.** Møta skal vidare gje fylkesmannen kunnskap om situasjonen i sosialtenesta, samt gi oss eit betre grunnlag for våre prioriteringar ved tilskotsforvaltning og tilbod om opplæring.



Nav-leiar presenterer:

Status i arbeidet, styrker og utfordringar/sårbarheit med særleg merksemd

- på tilgjengelegheit ved Nav-kontoret
- opplysning, råd og rettleiing
- økonomisk sosialhjelp
- midlertidig bu tilbod
- individuell plan
- kvalifiseringsprogram
- korleis tenesta arbeider for å sikre at tenestemottakar får medverke
- korleis tenesta sikrar barnets synspunkt
- kompetanse ved Nav-kontoret
- samarbeid med andre aktørar som til dømes barneverntenesta, kommunale helse og omsorgstenester.


Deretter presenterer kommuneleiinga si oppfølging av dei sosiale tenestene i Nav:

- på kva måte er leiinga orientert om situasjonen i sosialtenesta og kva planar ligg føre for å følgje opp eventuelle utfordringar



# Velkommen til NAV Alver - 1. januar 2020

- Nytt kontor i ny kommune
- Ny organisering
  - Korleis innrette oss for å løyse samfunnsoppdraget?
  - Statistikk og rapportar, «NAV spør», kartleggingar, lean
- Tre prinsipp:
  - Serviceretta
  - Arbeidsretta
  - Framtidsretta og fleksibelt
- Iverksett frå 1. januar, men framleis i etablering



# Styrker – sosiale tenester

- Relativt oversiktleg kommune og arbeidsliv
- Politisk interesse, sosialt engasjement og interpellasjon om opningstider
- Eit større og robust fagmiljø
  - Høve til spesialisering
- Regionalt samarbeid og nettverk
- Omstillingsdyktig under Koronasituasjonen





# Utfordringar og sårbarheit – sosiale tenester

## Innbyggjarar i kritiske situasjonar

- Familiar med dårleg fungering
- Familiar med økonomiske vanskar
- Ungdom utanfor skulegong og arbeid, rus og psykiatri
- Innbyggjarar med låg eller ingen inntekt - manglande arbeid og/eller nedsatt arbeidsevne

## Nytt kontor og ny organisering

- Manglande lokalisering, møtesenter obs.
- Få realisert intensjonar og samanslåinga som tenkt

## Aukande bruk av truslar og «hensynslaus åtferd» overfor NAV-kontoret og tilsette



# Korleis søkje krisehjelp og økonomisk sosialhjelp i Alver kommune?

- Fysisk oppmøte
  - Hjø innbyggjarservicei i tre lokasjonar, dagleg kl. 08.30 - 15.00
  - I timeavtale på NAV dagleg, to lokasjonar, dagleg 08.30 - 15.00
  - I drop-in på NAV - kontoret
    - Før 12. mars: I to lokasjonar: Frekhaug (mandag, onsdag, fredag kl. 11-14) og Knarvik (mandag, tirsdag, torsdag, fredag kl. 10-12)
    - Frå 15. Juni: Frekhaug mandag, tirsdag, torsdag, fredag kl. 12-13
    - Frå 1. september under vurdering
  - På Aktiviteten – gruppetilbod for ungdom
  - I postkassane til NAV i Knarvik og på Frekhaug, eller i postkassane til Innbyggjarservice på Frekhaug, Knarvik og Manger. Ved NAV kontoret i Knarvik ligg skjema for sosialhjelp i inngangspartiet ved postkassen.
- Elektronisk
  - Digisos frå 30. mars, heile døgnet
- Pr. Telefon - munnleg
  - Frå 12. mars: Vakttelefonane til NAV Alver dagleg kl. 09 – 15.00
  - NAV Kontaktsenter dagleg kl. 08.00 - 15.30 - særskilt varslingsrutine ved krisehjelp



# Innbyggjarservice og NAV

- Tre lokasjonar 08.30 – 15.00 i kommunehusa/rådhuset Knarvik, Frekhaug og Manger
  - 19. august opna Innbyggjarservice i Knarvik senter
- Rutine/tenestepakke laga i samarbeid, desember 2019
  - Ein del av tenestepakka er at Innbyggjarservice tek imot søknadar som sosialhjelp og rettleier på korleis søkje. [Tenestepakke](#)
- Informasjon og opplæring til tilsette
- Samarbeid avdelingsleiarane i mellom
  - Deltaking på avdelingsmøte
  - Kartlegging oppmøte



## Besøk Manger innbyggjarservice



Anne Dahle Austrheim <anne.dahle.austrheim@alver.kommune.no>

Til Gjelsvik, Susanne

Hei!

Her er tal på besøk på Manger innbyggjarservice

DATO	NAV	€
Januar		14
Februar		20
Mars		5
April		0
Mai		0
Juni		6

Innbyggjarservice var stengt for publikumsbesøk i perioden 16.mars til 7. juni.

**Anne Dahle Austrheim** | Avd.leiar innbyggjarservice og dokumentcenter

Telefon: 977 74 630

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

NAV henvendingar på  
Manger Innbyggjarservice

- Sjekkpunkt: Møter  
innbyggjarne våre til nye  
møtepunkt? – Ja!



**ALVER**  
KOMMUNE



**ALVER**

## Tenestepakke for innbyggjarservice

*Kva gjer innbyggjartorget når innbyggjarane kjem med spørsmål om NAV?*

Mest mogleg må vises til [www.nav.no](http://www.nav.no) og [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

### Økonomisk sosialhjelp

- Innbyggjarservice skal rettleie om kvar søknadsskjema er. Kontoutskrift og kontooversikt skal leggjast ved søknad og dokumentasjon av utgifter/inntekter som førast på skjema som hovudregel. (Innbyggjarservice skal ikkje kvalitetssikre søknaden). NAV sender ut mangelbrev dersom dokumentasjon manglar. Søknadsskjema og oversikt over naudsynt dokumentasjon er tilgjengeleg på Alver kommune sine heimesider.
- Ta i mot søknad om sosialhjelp og skanne til mappe. NAV hentar ut skanna dokumentasjon frå mappe og legg det inn i fagsystem.
- Brukar kan levere dokumentasjon utan søknad. Fødselsnummer må då førast på.

### Søknader frå [www.nav.no](http://www.nav.no)

- Rettleie om kvar på [www.nav.no](http://www.nav.no) de finner søknader og vise elektronisk innlogging eller korleis søke på papir. Ved å søke elektronisk vert det gitt rettleiing i søknadsprosessen gjennom det elektroniske søknadsskjemaet. De kan også kontakte NAV på telefon 55 55 33 33 og få rettleiing undervegs. Brukar bør har klar problemstilling før dei tek kontakt.
- Rettleie om kvar de finn førsteside som skal ligge framfor alle papirsøknader frå [www.nav.no](http://www.nav.no). Dette gjelder også for ettersending av dokumentasjon på papir. Dersom en ikkje lykkes med å finne førsteside så kan det sendes til NAV Alver men det må merkes tydeleg med fødselsnummer og kva det gjelder.
- Det er ikkje innbyggjartorget som skal sende dokumentasjon på andre henvendelser enn sosialhjelp, dette må brukar sende sjølv pr post.

### Deltakare i introduksjonsprogrammet

- Alle som deltar i det kommunale introduksjonsprogrammet har kontaktinformasjon til egne rettleiarar.

Det vil ligge visittkort tilgjengeleg hos innbyggjarservice som kan delast ut til innbyggjarane. Ved behov for nye visittkort kontakt Susanne Gjelsvik.

Nyttige telefonnummer som innbyggjarservice kan vidareformidle til innbyggjarane.

- NAV Kontaktsenter 55 55 33 33
- NAV Pensjon 55 55 33 34
- NAV Arbeidsgivertelefonen 55 55 33 36
- Økonomirådstelefonen 55 55 33 39

### Vakttelefon

NAV Alver har ein vakttelefon som er betjent mellom klokken 09.00 og 15.00. Dette nummeret kan nyttast i ein naudsituasjon eller for rådgjeving for innbyggjarservice. Vakttelefon: 458 39 243. Open fra 8-16.

### Postrute

Inntil vidare vil denne rutinen gjelde for innbyggjarservice på Radøy. Skann dokument til mappe RA-Felles. Dersom brukar leverer feks søknad om sosialhjelp med dokumentasjon skannast alt på ei fil. Dei skanna dokumenta sendast med internpost til Rådhuset i Knarvik. NAV Alver hentar post på Rådhuset.

## Skal du levere post til NAV?

Knarvik: NAV sin postkasse i 1. etg i Kvernhusaugane 2. Norbobygget.


Manger: Postkasse utanfor Innbyggjarservice/kommunehuset.

Frekhaug: Postkasse utanfor rådhuset ved utgang mot Kiwi.



# DROP IN

- Nav Alver opna for Drop In igjen 15. juni
  - Under vurdering ettersom behov/situasjon utviklar seg
  - Innbyggjarservice opna 8. juni
- Tenesteprofil: Komplementere sikkerhetsnett og tilgjengelegheit for krisehjelp
- I løpet av 6 veker:
  - 14 nødhjelp - 2,3 i snitt pr veke
  - 16 spørsmål om digital hjelp – 2,6 i snitt pr veke
  - 102 anna - 17 u sbutt or veje- vil verte gjennomgått



# Prosess for opning av DROP-IN under Korona-situasjonen

- Leiargruppa i NAV Alver, 3. juni:
  - Vi må tilpasse oss opningstakten i samfunnet. Legitimitet. Sikkerhetsnett.
    - Dropin på trygg måte: 1 time mandag, tirsdag, torsdag og fredag
- Råd hjå sikkerhetsgruppa
- Smittevernerunde med VO: Frekhaug
- MBA 10. juni 2020
- NAV Osterøy opnar 22. juni for drop-in: 1 time tysdag og torsdag.



## Framlegg til partnerskapet:

- Frå 15. juni (alternativt 22. juni) vil vi starte opp med drop-in på Frekhaug, eit tilbod for å sikre tilgang til krisehjelp for ikkje-digitale og ikkje-analoge innbyggjarar. Opningstida for drop-in er 1 time på måndag, tysdag, torsdag og fredag. Det er halvparten av tidlegare tilbod då målgruppa for tilbodet er avgrensa, og det generelle behovet for drop-in er vurdert som redusert pga. digisos og kontakttelefonane. Tilseier erfaringar at drop-in-tilbodet må endrast, vil vi vurdere det i høve til ressursbruk på kontakttelefonane og saksbehandling.





# Timeavtalar

- Den foretrukne møteform i 1-1 – samtalar
- Den meste brukte forma for 1-1 – samtalar (opptil 50 på ei veke, mai 2019)
- Samtale med rettleiar på rett fagområde
- Planlagde og førebudde samtalar
- Den tid og "ro" ein treng
- Personvern
- Møtestad: Knarvik, Frekhaug, Manger eller hjå samarbeidspartar

- Transportordninga i Vestland skal dekke fritidsreiser og andre reiser som ikkje er dekkja av statlege eller kommunale ordningar.
- Søkjar må som hovudregel dokumentere sjukdom/nedsett funksjonsevne som varer i minst 2 år. Men ved særskilde høve kan det gjevast godkjenning for ein kortare periode.

- Søkjarar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV eller som får grunnstønad til transport frå NAV, vert ikkje godkjent som brukar.
- Søknad må rettast til enten Vestland fylkeskommune eller kommunane, som vil handsame søknaden. Vi ber om særskilde tilbakemeldingar på om det er fylkeskommunen eller kommunane som bør stå for sakshandsaminga.
- Brukaren vert godkjent for ein periode basert på sjukdom/nedsett funksjonsevne sin art.
- Brukaren får rett til ein grunnkvote som vert fastsett kvart år i fylkeskommunalt budsjett. Rullestolbrukarar, blinde/svaksynte, andre brukarar med særskilte behov, og dei som bur 20 km unna næraste servicesenter, vil kvalifisere til utvida kvote.
- Godkjenninga gjev reiserett i heile Noreg.
- Eigenandel for kvar tur på kr 30.

#### TT-ordninga.

Transportordninga skal være eit tilbod til brukarar som på grunn av sjukdom/nedsett funksjonsevne ikkje kan nytta det ordinære kollektive rutetilbodet. Dette vilkåret om at det skal være årsakssamanheng mellom sjukdom/nedsett funksjonsevne og grunnen til at brukaren er ute av stand til å nytte det kollektive tilbodet, er det same i både Hordaland og Sogn og Fjordane. Ordninga er meint å dekke fritidsreiser. Dette er også felles for dei to regelverka.

#### Varigheit for å kvalifisere som brukar.

Vestland fylkeskommune føreslår at ein som hovudregel må ha ein sjukdom/nedsett funksjonsevne som varar i minst to år for å kvalifisere som brukar. I særskilte tilfelle kan det gjevast godkjenning for kortare periode, til dømes i palliativ fase.

Dette har vore regelen i Hordaland, medan ein i Sogn og Fjordane har akseptert sjukdom/nedsett funksjonsevne som varer i minst eitt år. Vestland fylkeskommune meiner det må være ei viss lengde på sjukdomen/nedsett funksjonsevne for at den skal være grunnlag for å kvalifisere som brukar.

#### Søkjarar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, eller som får grunnstønad frå NAV.

Vestland fylkeskommune føreslår at søkjarar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV eller som får grunnstønad til transport frå NAV ikkje vert godkjent som brukar. Etter dagens regelverk i Hordaland får søkjarar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, og/eller søkarar som mottek grunnstønad til transport frå NAV tildelt halv brukarkvotet kvart år.

I Sogn og Fjordane har ein ikkje godkjent personar som har tilgang til eigen bil, eller har fått stønad til bil etter lov om folketrygd, mens rullestolbrukarar og blinde/svaksynte har vorte godkjent utan omsyn til mottak av eventuell grunnstønad til transport/stønad til bil etter lov om folketrygd.

Vestland fylkeskommune sitt forslag som diskvalifiserer brukarar som mottar støtte frå NAV inneberer såleis ei innskjerping av krava for å verte godkjent som brukar i Vestland. Grunnen til denne innskjerpinga er at ein ikkje skal få offentleg støtte frå to instansar til same føremål.

#### Rett instans for å handsame søknaden.

Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt forskjellig praksis for kven som handsamar søknadane og godkjenner brukarar

I Hordaland sitt regelverk er det fylkeskommunen som har ansvaret for sakshandsaminga og vedtak om å godkjenne brukarar etter forskrift om transportordninga for funksjonshemma i Hordaland. Dette utgjer om lag 12 000 brukarar. Av desse er det om lag 3 400 tunge brukarar som er med i den utvida statlege TT-ordninga. I Hordaland nyttar ein ei legenemnd til rettleiing i sakshandsamingsprosessen av søknadane. Klagehandsaminga ligg og hos fylkeskommunen. Klagar som får avslag frå legenemnda går til den fylkeskommunale klagenemnda for handsaming. Hordaland nyttar Idemia som system- og kortleverandør. Dei lagar ein rapport kvar veke som fylkeskommunen nyttar til utbetaling til transportørane. I dei tilfella TT-kortet ikkje verkar vert det sendt faktura frå transportør eller refusjonskrav med kvittering frå TT-brukar. Fylkeskommunen tek heile oppgåva med refusjon.

Sakshandsaminga i Hordaland vart flytta tilbake frå kommunen til fylkeskommunen i 2018. I Hordaland var det tidlegare slik at kommunane fekk tilsendt søknadane, og deretter sendte søknaden vidare til Hordaland fylke si legenemnd for godkjenning (med unntak av Bergen kommune der fylket tok all sakshandsaming). Ved godkjenning av søknaden fekk brukaren vedtak

frå kommunen, medan ein handsama avslagssakene i fylket si klagenemnd. Bakgrunnen for å flytte delar av søknadsprosessen tilbake til fylket, var at ein ønska å sikre innbyggjarane ei større grad av likehandsaming i sakshandsaminga, i tillegg ønskja fylkeskommunen å få ei meir sikker og effektiv sakshandsaming.

I tidlegare Sogn og Fjordane sitt regelverk er delar av ansvaret delegert ned til den enkelte kommune, som har ansvaret for sakshandsaminga, vedtak om å godkjenne brukarar, samt tildeling av kvotar til brukarane. Kommunen må dekke ressursbruken til sakshandsamar av eigne midlar. Det er godkjent nærare 4000 brukarar i Sogn og Fjordane, av desse er om lag 450 med i den utvida statlege TT-ordninga. Brukarar som kvalifisera til den utvida statlege ordninga får midlar frå fylkeskommunen, etter innmelding frå kommunane. Kommunane er klageinstans ved avslag på søknaden. Midlane til TT-ordninga er fordelt ut på kommunane, der 80 % av midlane vert fordelt etter innbyggjartal og 20% etter kvar innbyggjarane bur i forhold til sentrumsfunksjon. Konsekvensen av denne måten å tildele midlar på, er at dei samla midlane ikkje vert fordelt etter kvote som er bestemt i forskrifta, men at kvar kommune fordeler midlane i mellom talet på brukarar. I kommunar med mange TT-brukarar i høve innbyggjartal vil TT-brukar få mindre kvote enn i kommunar med få TT-brukarar. Kortleverandøren TTS har oppgjer med drosjenæringa og fakturerer kommunane direkte.

Tanken med å legge sakshandsaminga til kommunane var at sakshandsamar er tettare på brukar og ser betre behovet til brukar i nærmiljøet. I retningslinene frå fylkeskommunen er det sett krav om at den enkelte kommune skal ha godkjenningnemnd ved godkjenning av brukarar. Dette for å hindre at sakshandsamar får habilitetsproblem ved godkjenning av søkjarar til TT-ordninga. Dei fleste kommunar er små og oversiktlege men det finnes tilfelle der det har vore vanskeleg for sakshandsamar å vere nøytral ved godkjenning av brukar og tildeling av storleik på kvotar. Kommunane tolkar også forskrifta ulikt, det blir difor ulik handsaming av søknader og tildeling av midlar kommunane i mellom. Dette generera ulik handsaming av søkarar som fort kan skape misnøye blant brukarane av TT-ordninga.

Gjennom kommunereforma har vi fått endring av kommunegrenser og har difor fått vesentleg større og meir folkerike kommunar nokre stader i tidlegare Sogn og Fjordane. Nærleiksprinsippet til brukarane er her falle vekk men for sakshandsamar vil det vere enklare å vere nøytral i sakshandsaminga.

Kvaliteten på sakshandsaminga i kommunane kan variere, noko som kan ha samanheng med at store kommunar har mange søknader i løpet av eit år, og dermed medarbeidarar som arbeidar regelmessig med desse oppgåvene, medan mindre kommunar har få søknader i løpet av eit år og arbeidar dermed skjeldnare med TT-søknader. Sakshandsamarane i avdeling for mobilitet og kollektivtransport i fylkeskommunen må difor ofte rettleia kommunane i sakshandsaminga. Denne organiseringa av TT-ordninga medfører ein totalt sett ekstra ressursbruk, og det vert fleire ulike sakshandsamarar som har tilgang til fortrulege helseopplysningar.

Ved å samle all sakshandsaming hjå fylkeskommunen vil ein oppnå meir likehandsaming av søknadene. Ein vil sikre eit fagmiljø som spesialisera seg på tolking og utøving av regelverket, og ein vil sikre at rutinar for sakshandsaming vert samkørde. Det vert også færre personar som handsamar sakene, noko som vil gje eit betre vern om personopplysningane. Klager vert handsama av felles klagenemnd som gjennom sine avgjersler vil forme ein praksis som vil gjelde for alle brukarane i fylket. På den andre sida vil ei flytting av desse oppgåvene i tidlegare Sogn og fjordane til fylkesadministrasjonen føre til at sakshandsamarane sit lengre frå brukaren, og lokale perspektiv og kjennskap til brukaren kan forsvinne.

Vi ber om særskilde tilbakemeldingar på om det er fylkeskommunen eller kommunane som bør stå for sakshandsaminga.

#### Godkjenningsperiode.

Vestland fylkeskommune føreslår at det vert gjeve to års godkjenning for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller når det er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. I særskilte høve kan det være føremålstenleg å gje godkjenning for eitt år, til dømes søkjarar i palliativ fase. Brukarar som har varige sjukdomar, vil verte godkjent for fem år om gongen. Dei som har varig sjukdom utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvarig godkjenning.

Varigheita på godkjenningsperioden er forskjellig frå regelverket i Hordaland og Sogn og Fjordane. Vestland fylkeskommune føreslår at brukaren vert godkjent for ein avgrensa periode basert på sjukdomen/nedsett funksjonsevna sin art. Dette vil sikre at brukarar som vert friske ikkje vert



liggende i systemet som godkjente brukarar, og dermed får feilaktig tilgang på midlar som dei ikkje har rett på. Brukarar som har rett på ein ny periode med stønad, må difor søke på nytt før godkjeningsperioden er over.

#### Kvotar.

Etter fylkestinget sitt vedtak av 9.6.2020 er det lagt til grunn at kvotane i framtida skal definerast gjennom budsjettvedtaket i Vestland fylkeskommune. Det er fylkeskommunen som finansierer ordninga gjennom budsjettet, og som må tilpasse budsjettet etter talet på brukarar. I tillegg er det føremålstenleg at brukarane på tvers av fylket får same grunnkvote, slik at ein sikrar likehandsaming.

I dagens regelverk for tidlegare Hordaland får ein tildelt halv kvote to gongar i året, basert på årsbudsjettet. Etter dagens forskrift § 5 får brukarar som er sterkt svaksynt/blind (visus 0,1 eller lågare) og brukarar som nyttar manuell/ elektrisk rullestol ei utvida brukarkvote som vert fastsett kvart år. Vidare får brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter eit tillegg på kr 1000 per år. Brukarar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, og/eller som mottok grunnstønad til transport frå NAV får kutt i brukarkvoten og får berre tildelt ein halv brukarkvote.

Etter dagens regelverk for tidlegare Sogn og Fjordane pkt. 3.2. er det kommunane som har tildelt eit grunnbeløp for brukarane i kommunen. Brukarar i den utvida ordninga, rullestolbrukarar og blinde/svaksynte, får tildelt ekstra midlar. Fylket har ansvaret for denne tildelinga.

Vestland fylkeskommune føreslår at det i regelverket vert stadfesta at ein som brukar har rett på ein grunnkvote kvart år. Storleiken på grunnkvoten er avhengig av kva som vert løyva over det fylkeskommunale budsjettet kvart år. Utover dette meiner fylkeskommunen at det er naudsynt å definere grupper som kvalifiserer til ein utvida kvote, samt kor stor ekstraløyving dei skal ha rett på. Dette har samanheng med at dette er særskilte brukarar som har eit ekstra transportbehov i kvardagen.

Vestland fylkeskommune føreslår at dei brukarane som må nytte rullestol eller som er blinde/svaksynt med ein visus på 0,1 (6/60) eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet. Denne terskelen er den same som Hordaland har i sitt regelverk, men ei innskjerping i forhold til visuskravet på 0,33 (6/18) eller lågare som har vore regelen i Sogn og Fjordane.

Vestland fylkeskommune føreslår at dei som må nytte elektrisk rullestol og difor treng spesialbil i transporten får tildelt 1.7 x grunnbeløpet. Etersom denne brukargruppa må nytte spesialbil, har dei vesentleg større utgifter til transporten enn ein ordinær brukar har. Fylkeskommunen føreslår difor at dei får ei ekstra løyving slik at dei får nærare det same talet på turar som ein ordinær brukar.

Vestland fylkeskommune føreslår at dei som bur 20 km eller meir frå næraste servicesenter (post/butikk) får *eit tillegg* på 0.2 x grunnbeløpet. Denne ekstraløyvinga vil sørge for at brukarar som er busett i distriktet får eit tilbod som er tilpassa deira behov for å kunne dekke inn ei ekstra køyrelengd til næraste servicesenter.

Vestland fylkeskommune føreslår også at utbetaling av kvotane skjer to gongar i året, i januar og i juli. I utbetalinga i juli tar fylkeskommunen atterhald om at ein kan gjere kutt i stønaden basert på faktisk forbruk første halvår. Dette er for at ein skal kunne gjere grep dersom den faktiske utnyttingsgraden gjer at ein får ei vesentleg overskride budsjettamme.

#### Reiserett.

Vestland fylkeskommune føreslår at reiseretten skal gjelde heile Noreg. Det er ønskjeleg at brukarene nyttar seg av tilbodet, også når dei er på fritidsreiser i andre delar av landet. Fylkeskommunen vil sørge for at kortet kan nyttast hos operatørar i andre delar av landet, så langt det er teknisk mogleg.

#### Eigendel.

Vestland fylkeskommune føreslår ein eigendel for kvar tur på kr 30. I Hordaland sitt regelverk er det ein eigenandel på 15 %, medan ein i Sogn og Fjordane operera med ein sum på kr 30. Fylkeskommunen meiner ein fast sum gjer det enklare for brukaren å kalkulere sine transportkostnadar.

### **3. Forslag til ny forskrift.**

Med heimel i Stortingshandsaming 10. april 1986 og privat autonomi, føreslår Vestland fylkeskommune følgjande forskrift:

# Forskrift for transportordninga for menneskje med nedsett funksjonsevne i Vestland

## § 1. TT-ordninga

Transportordninga for menneskje med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) er eit tilbod til innbyggjarar i Vestland som på grunn av varig sjukdom eller nedsett funksjonsevne ikkje kan nytta det ordinære kollektive rutetilbodet.

Transportordninga skal dekkja fritidsreiser og andre reiser som ikkje er dekkja av statlege eller kommunale ordningar.

## § 2. Vilkår for å verte godkjent som brukar

For å verte godkjent som brukar må søkjaren oppfylle desse vilkåra:

- a) Søkjaren må som hovudregel ha sjukdom/nedsett funksjonsevne som varer i minst 2 år. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for ein kortare periode.
- b) Søkjaren må på grunn av sjukdommen/nedsett funksjonsevna vere ute av stand til å nytta det ordinære kollektive rutetilbodet, inkludert servicelinjer, bestillingstransport og liknande tilrettelagt transporttilbod.
- c) Søkjaren må vere minst 10 år.
- d) Søkjaren må vere folkeregistrert eller busett i Vestland fylke.

Søklar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV eller som får grunnstønad til transport frå NAV vert ikkje godkjent som brukar.

Manglande rutetilbod vert ikkje vektlagt i søknaden. Det vert heller ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, eller bratte bakkar/lang veg til haldeplass.

## § 3. Søknaden

Alternativ 1: Godkjenning som brukar finn stad etter søknad til Vestland fylkeskommune.

Alternativ 2: Godkjenning som brukar finn stad etter søknad til kommunen der brukaren er folkeregistrert eller busett.

## § 4. Godkjenningsperiode

Brukarar får godkjenning for 2 år for mellombels sjukdom/nedsett funksjonsevne, eller når det er tvil om sjukdom/nedsett funksjonsevne er varig. I særskilde høve kan brukarar få godkjenning for eitt år.

Brukarar får godkjenning for 5 år for varig sjukdom/nedsett funksjonsevne. Brukarar med varig sjukdom/nedsett funksjonsevne som er utan utsikter til betring av tilstanden kan få livsvarig godkjenning.

Brukarar kan søkja om fornya godkjenning før godkjenningsperioden er over.

## § 5. Brukarkvotar

Brukarar vert tildelt eit grunnbeløp som vert fastsett i det fylkeskommunale budsjettet kvart år.

Brukarar som oppfyller særskilde krav får utvida brukarkvote:

- a) Brukarar som må nytte rullestol eller som er blinde/svaksynt med ein visus på 0,1 (6/60) eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet.

b) Brukarar som må nytte elektrisk rullestol og difor treng spesialbil i transporten får tildelt 1.7 x grunnbeløpet. Overbygde rullestolar, kraftige terrengrullestolar til utandørs bruk eller scooterar vert ikkje rekna som elektrisk rullestol.

c) Brukarar med særskilde behov kan få tildelt inntil 1.7 x grunnbeløpet.

d) Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter får eit tillegg på 0.2 x grunnbeløpet.

Brukarar får tildelt halv brukarkvoteprosent 1. januar og halv brukarkvoteprosent 1. juli. Fylkeskommunen følgjer kostnadsutviklinga gjennom året og tar atterhald om å kunne redusere tildelinga i juli.

#### **§ 6. TT-kortet**

Brukarar får tildelt TT-kort frå kortleverandøren kostnadsfritt. TT-kortet er personleg og skal ikkje overlatast til andre.

Ved tap skal TT-kortet sperrast straks. Ved utferdning av erstatningskort vert brukarkontoen trekt kr 140.

#### **§ 7. Omfang av reiseretten**

Reiseretten gjeld i heile Noreg.

For kvar tur må brukaren betala ein eigendel på kr 30. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet. Brukaren kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson.

TT-kortet kan berre nyttast til reiser med køyretøy som har taksameter.

#### **§ 8. Endra forhold og brot på føresegna**

Brukaren skal melda frå til fylkeskommunen om tilhøve som endrar føresetnaden for godkjenninga.

Godkjenninga kan kallast tilbake eller endrast dersom brukaren ikkje lenger oppfyller vilkåra i denne forskrifta, eller ikkje rettar seg etter regelverket. Ved eit tilbakekall kan brukaren også stengjast ute frå TT-ordninga i inntil 2 år.

#### **§ 9. Verknadstidspunkt**

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 2021. Frå same tid vert Retningslinjer for tilrettelagt transport i Sogn og Fjordane av 1. januar 2018, og forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland av 1. juli 2018, oppheva.

#### **4. Administrative og økonomiske konsekvensar.**

Endringane som er føreslått vil medføre administrative konsekvensar for kommunane. Dersom ein konkluderer med at Vestland fylkeskommune skal stå for all sakshandsaming, vil det medføre konsekvensar for kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Etter dagens regelverk er det dei som står for sakshandsaminga og tildelinga av midlar i deira respektive kommunar. Ei flytting av oppgåvene vil såleis medføre noko nedgang i ressursbruken i kommunane.

Dette vil medføre at administrasjonen i Vestland fylkeskommune vil få auka saksmengd. Det er likevel forventa at ein totalt sett vil få meir effektiv sakshandsaming når *ein* administrasjon tar seg av heile sakshandsamingskjeda. Det er difor ikkje forventa at dette skal føre til ein auke i ressursbruk i fylkesadministrasjonen. I tillegg til forskriftsendringa, er Vestland fylkeskommune i gang med innkjøp av eit nytt TT-system for heile fylket. Det er forventa at det nye systemet vil føre til redusert sakshandsamingstid.

Dersom ein konkluderer med at all sakshandsaming skal flyttast til kommunane i Vestland, vil det medføre konsekvensar for kommunane i tidlegare Hordaland. Etter dagens regelverk har dei inga

rolle i handsaminga av søknadane. Desse kommunane vil difor måtte dekke ressursbruken til sakshandsamar av egne midlar. Kor stor ressursbruk ein må nytte på denne sakshandsaminga varierer frå kommune til kommune basert på talet på brukarar.

### 5. StimuLab og effektivisering av TT-tenesta.

Vestland fylkeskommune har sett i gang eit prosjekt med å forbetre tenesta. Vi ønskjer å betre søknads- og sakshandsamingsprosessen. Vi har søkt Digitaliseringsdirektoratet om midlar til prosjektet. Gjennom StimuLab får vi tverrfagleg støtte og har fått innvilga kr 1 300 000 til innkjøp av designkompetanse i marknaden.

Hensikten til StimuLab er meir bruk av tenestedesign der fokus er på innbyggerane. Alle StimuLab prosessar skal ha fokus på brukaren sine behov, og gjennom utforsking og eksperimentering finne løysing på reelle behov. Det er ei utfordring for fylkeskommunen å tilby ei teneste der mange av brukarane ikkje er digitalt kyndige. I tillegg brukar fylkeskommunen og kommunane mykje ressursar på ei teneste med eit avgrensa ansvar. I dette prosjektet ønskjer vi difor å utvikle ei teneste som gjer det enkelt og lite ressurskrevjande for brukarane å søke uavhengig om brukaren er digitalt kyndig eller ikkje. I tillegg ønskjer ein å lage ein prosess som fører til meir effektiv forvaltninga av tenesta.

I tenesta TT-transport brukar vi i dag eit kort- og betalingssystem som vi kjøper i marknaden. Gjennom ein StimuLab prosess ønskjer vi å sjå på heile brukarreisa, frå brukar søker om TT-kort til brukar bestiller og gjennomfører reisa. Eit mål er at vi skal utvikle ei teneste som alle fylkeskommunar i landet vil kunne ta i bruk.

### 6. Høyringsfrist og høyringsmøte

Det vert sett frist til 21.10.2020 til å kome med høyringsinnspel til forskriftsforslaget. Eventuelle spørsmål kan rettast til [nils.tore.eldegard@vlfk.no](mailto:nils.tore.eldegard@vlfk.no). Høyringsinnspel kan sendast til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller per post til: postboks 7900, 5020 Bergen.

Vi inviterer til høyringsmøte på videokonferanse den 25.8.2020 kl. 13:00 - 15:00 for å svare på spørsmål. Slik deltek du på møtet:

Frå Skype for Business (Lync): [v29922663@vm.vlfk.no](mailto:v29922663@vm.vlfk.no)

Frå nettlesar (bruk Chrome):

<https://vm.vlfk.no/#/?conference=v29922663@vm.vlfk.no&media=1&join>

Frå videokonferansesystem: [v29922663@vm.vlfk.no](mailto:v29922663@vm.vlfk.no)

Frå videoklient eller Skype: [v29922663@vm.vlfk.no](mailto:v29922663@vm.vlfk.no)

Frå telefon: Ring (+47) 570 007 98 Konferanse-ID: 29922663# eller klikk her: 57000798,,29922663#

Med helsing

Håkon Rasmussen  
seksjonssjef

Nils Tore Eldegard  
Spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Hordaland regelverk
- 2 Sogn og Fjordane regelverk

Mottakarliste				
NORGES BLINDEFORBUND	Rasmus Meyers allé 5	5015	BERGEN	
HORDALAND				
NORGES BLINDEFORBUND	Hans Blomgate 10	6905	FLORØ	
AVD SOGN OG FJORDANE				
FYLKESLAG				
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 1102 Sentrum	5809	BERGEN	
SØRVEST				

NORGES HANDIKAPFORBUND NORD VEST	Fabrikkvegen 13	6415	MOLDE
FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON FFO AVD HORDALAND	Vestre Strømkaien 7-9	5008	BERGEN
FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON FFO AVD SOGN OG FJORDANE	Postboks 25	6801	FØRDE
NORGES TAXIFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE	c/o Olav Lerum Kringlevegen 21	6885	ÅRDALSTANGE N
NORGES TAXIFORBUND AVD. HORDALAND	c/o Tor Anders Hauge Kolabakkane 19	5200	OS
SAFO SØRVEST	Postboks 1102 Sentrum	5809	BERGEN
SAMARBEIDSFORUMET AV FUNKSJONSHEMMEDE ORGANISASJONER SAFO NORD VEST	Fabrikkvegen 13	6415	MOLDE
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN
GLOPPEN KOMMUNE	Grandavegen 9	6823	SANDANE
STAD KOMMUNE	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
BREMANGER KOMMUNE	Postboks 104	6721	SVELGEN
SUNNFJORD KOMMUNE	Postboks 338	6802	FØRDE
FJALER KOMMUNE	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
ASKVOLL KOMMUNE	Postboks 174	6988	ASKVOLL
LUSTER KOMMUNE	Rådhusvegen 1	6868	GAUPNE
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGE N
LÆRDAL KOMMUNE	Postboks 83	6886	LÆRDAL
AURLAND KOMMUNE	Vangen 1	5745	AURLAND
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
HØYANGER KOMMUNE	Postboks 159	6991	HØYANGER
HYLLESTAD KOMMUNE	Lifjordvegen 7	6957	HYLLESTAD
SOLUND KOMMUNE	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
GULEN KOMMUNE	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
ASKØY KOMMUNE	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
AUSTEVOLL KOMMUNE	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
AUSTRHEIM KOMMUNE	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSE N
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
EIDFJORD KOMMUNE	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
ETNE KOMMUNE	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
FITJAR KOMMUNE	Postboks 83	5418	FITJAR
KVAM KOMMUNE	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
MODALEN KOMMUNE	Postboks 44	5732	MODALEN
OSTERØY KOMMUNE	RÅDHUSET	5282	LONEVÅG
SAMNANGER KOMMUNE	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
SVEIO KOMMUNE	Postboks 40	5559	SVEIO
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
VOSS HERAD	Postboks 145	5701	VOSS
ULVIK HERAD	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
KS-KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO

Harald Hauge  
Yngva Celius  
Kristin Jordheim Bovim  
Sturla Gjesdal  
Peter Kryvi

Myrdalsvegen 36  
Timhøyen 4  
Klokkarlia 6  
Mulesvingen 10  
Nesttunvegen 98

5130 NYBORG  
5135 FLAKTVEIT  
5223 NESTTUN  
5034 BERGEN  
5221 NESTTUN



➔ [Gå til opprinnelig kunngjort versjon](#)

## Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Dato	FOR-2018-04-11-895
Ikrafttredelse	01.07.2018
Gjelder for	Vestland
Hjemmel	Stortingsvedtak
Kunngjort	19.06.2018 kl. 14.30
Korttittel	Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma, Hordaland (TT-ordninga)

**Heimel:** Fastsett av Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune 7. februar 2018. Stadfesta av Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 11. april 2018 med heimel i Stortingsbehandling 10. april 1986 og privat autonomi.

### § 1. *TT-ordninga*

Transportordninga for funksjonshemma er eit tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære offentlege kollektive rutetilbodet. Transportordninga skal dekkja fritidsreiser. Reiser til og frå arbeids- og utdanningstilbod, lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod er føresetta dekkja av andre stønadsordningar.

TT-ordninga har samanheng med fylkeskommunen sitt lovfesta ansvar for kollektivtransport.

### § 2. *Vilkår for å bli godkjent som brukar*

For å bli godkjent som brukar må søkjaren oppfylle desse vilkåra:

- Søkjaren må ha sjukdom eller funksjonshemming som varer i minst 2 år. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for eitt år.
- Søkjaren må, på grunn av sjukdommen eller funksjonshemminga, vere ute av stand til å nytta offentleg transportmiddel, sjølv med hjelp av sjåfør ved på- og avstiging. Som offentleg transportmiddel gjeld og servicelinjer, bestillingstransport eller liknande tilrettelagt transporttilbod.
- For å bli definert som sterkt synshemma må ein ha visus med korreksjon på begge augo som er mindre enn 6/60-del (0,1) og/eller ikkje klare fingertelling (med korreksjon) på meir enn 6 meter.
- For å bli godkjent som fylgje av psykisk sjukdom må søkjaren ha hatt brei og langvarig kontakt med behandlingssapparatet og ha ein diagnose som omfattar tyngre psykiatri. Det må dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytta offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytta slik transport.
- Søklar må vera minst 10 år for å bli godkjent som brukar.
- Søkjaren må vera busett og folkeregistert i Hordaland. Brukarar som flyttar frå Hordaland misser godkjenninga.

Vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og busstopp, eller bratte bakkar/lang veg til busstopp vert ikkje vektlagt i vurderinga av søknaden. Det vert heller ikkje manglande rutetilbod på heimstaden.

TT-kortet er personleg og kan ikkje overdragast eller nyttast av andre.

### § 3. *Søknaden*

Godkjenning som brukar finn stad etter søknad til Hordaland fylkeskommune. Fastsett skjema for eigen- og legerklæring skal nyttast.

Søknadsskjema og føresegn om TT-ordninga finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider [www.hordaland.no/nn-no/vegogtransport/tt-kort/fritidsreiser](http://www.hordaland.no/nn-no/vegogtransport/tt-kort/fritidsreiser)

Legerklæringa må ikkje vera eldre enn 6 månader. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden er godt nok dokumentert.

### § 4. *Godkjenningsperiode*

Ein vert godkjent som brukar for 2 eller 5 år om gongen. Før godkjenningsperioden er over kan brukaren søkja om fornya godkjenning.

Det vert gjeve godkjenning for 2 år ved mellombels sjukdom, eller når det er tvil om sjukdommen/funksjonshemminga er varig. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for eitt år.

Brukarar med varig funksjonshemming/sjukdom som er utan utsikter til betring av tilstanden får livsvarig godkjenning.

### § 5. *Brukarkvotar*

Søklarar som oppfyller vilkåra i § 2, kan tildelast brukarkvote. Brukarkvoten vert redusert/auka når ein kjem inn under eitt av unntaka under pkt a. Søklar som er omfatta av begge unntaka i pkt a får likevel berre ein reduksjon.

- a) Søklar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, eller som mottek grunnstønad til transport frå NAV får tildelt  $\frac{1}{2}$  x brukarkvote per år.
- b) Søklar som må nytta elektrisk rullestol får tildelt utvida brukarkvote. Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», kraftige offroad-rullestolar til utandørsbruk eller scooterar.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk e.l) får eit tillegg på kr 1 000,- pr. år.

### § 6. *Omfang av reiseretten*

Reiseretten gjeld reiser i Hordaland. TT-kortet kan og nyttast i andre fylke dersom transportøren har utstyr som kan lesa TT-kortet.

TT-kortet kan nyttast til reiser med drosje og med turvogn og spesialbil med handikapløyve med taksameter.

For kvar tur må brukaren betala ein eigendel på minst 15 % av turkostnaden. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet. Kvar brukar kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. Brukar og følgjeperson vert rekna som ein passasjer. Følgjepersonen må møta opp der brukaren vert henta og følgja med fram til reisemålet.

### § 7. *TT-kortet*

Godkjente brukarar får tildelt TT-kort frå kortleverandøren.



TT-kortet er personleg og må ikkje overlatast til andre.

Ved tap må TT-kortet sperrast straks. Dette kan gjerast ved

- å kontakta kontofonen (tlf 21 51 45 41)
- å kontakta samferdselsavdelinga (tlf 55 23 93 63)
- e-post til samferdsel@hfk.no

Utferding av TT-kort er gratis for brukar første gongen. Ved utferding av nye kort kan ein måtte betala for dei faktiske kostnadane.

### **§ 8. Endra forhold og brot på føresegna**

Brukaren skal melda frå til fylkeskommunen om tilhøve som endrar føresetnaden for godkjenninga.

Godkjenninga kan tilbakekallast eller endrast dersom brukaren ikkje lenger oppfyller vilkåra i § 2 eller § 6, og elles så langt det fylgjer av forvaltningslova.

Godkjenninga kan tilbakekallast ved misbruk av TT-kortet. Ved slikt misbruk kan brukaren også utestengjast frå TT-ordninga i inntil 2 år.

### **§ 9. Klage på vedtak**

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følgje forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga.

Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, går den vidare til den fylkeskommunale klagenemnda som fattar endeleg vedtak.

### **§ 10. Endringsadgong**

Rettar og plikter som er fastsett i, eller fylgjer av vedtak fatta i medhald av denne føresegna, kan til ei kvar tid endrast, også for den som alt er omfatta av TT-ordninga.

### **§ 11. Verknadstidspunkt**

Denne føresegna trer i kraft frå 1. juli 2018. Frå same tid vert Retningslinjer 1. november 2014<sup>1</sup> for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland oppheva.

<sup>1</sup> Ikkje kunngjort i Norsk Lovtidend.

# TILRETTELAGT TRANSPORT I SOGN OG FJORDANE

## RETNINGSLINJENE GJELD FRÅ 01.01.2018

### 1. Formål

Transportteneste for funksjonshemma, TT-ordninga, er eit tilbod om drosjetransport til personar busett i Sogn og Fjordane som grunna varig funksjonshemming har store vanskar med å nytte ordinære kollektive transportmiddel. Transporttilbodet skal bidra til at dei skal kunne leve eit så aktivt liv som mogleg.

### 2. Godkjenning av brukarar

TT er et tilbod til dei som har behov for spesialtransport, fordi dei, ut frå funksjonshemming, har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på sin heimstad.

#### 2.1. Kriterier for brukargodkjenning

For å bli godkjend som brukar skal det være direkte samanheng mellom varig funksjonshemming og evna til å bruke kollektive transportmiddel.

For å få innvilga søknad om TT må søker ha funksjonshemming som varer minimum eitt år.

Følgjande kan gi grunnlag for godkjenning, når andre føresetnader er oppfylt:

- A Blinde og sterkt svaksynte. (Synstyrke 0.33 - 6/18 Folketrygdloven)
- B Personar som er avhengig av rullestol.
- C Personar med psykisk utviklingshemming, individuell vurdering etter funksjon.
- D Andre personar med funksjonshemming, individuell vurdering etter funksjon.

Person som er godkjend som TT-brukar i Sogn og Fjordane, men som flyttar innan fylket, treng ikkje å søkje på nytt. Brukarar som er godkjend som TT-brukar i anna fylke, må søkje om ny brukargodkjenning ved flytting til Sogn og Fjordane.

#### 2.1.1 Kriterier som ikkje er grunnlag for godkjenning

- Mangel på kollektivtilbod på heimstaden
- Naturleg alderdomssvekking
- Tidsavgrensa funksjonshemming
- TT-ordninga er ei individuell ordning, og brukarrettane kan ikkje tildelast ein institusjon. Bebuarar på institusjonar kan godkjennast på individuelt grunnlag om dei tilfredsstillar dei andre kriteria.
- Som hovudregel godkjennast ikkje personar som har tilgang til eigen bil, eller har fått stønad til bil etter lov om folketrygd. Rullestolbrukarar og blinde/svaksynte skal godkjennast utan omsyn til mottak av eventuell grunnstønad til transport/stønad til eigen bil frå folketrygda.
- Det kan i særskilte tilfelle, etter streng vurdering, gjerast unntak.

## 2.2 Søknadsprosess

Personar med funksjonshemming som ønskjer å bli med i TT-ordninga, må søke bustadkommunen sin om å bli godkjende som brukarar. Bustadkommune vert definert ut frå adressa vedkomande er registrerte med i folkeregisteret.

Søkarar må nytte standardisert søknadsskjema.

Det skal leggst ved erklæring frå lege/spesialist på standardisert skjema. Slik erklæring skal innehalde ei vurdering av kor vanskeleg det er å nytte kollektive transportmiddel, inkludert serviceskys. Erklæringa vert eit hjelpemiddel for kommunen når ein skal vurdere søkjarar.

Kommunen behandlar søknaden og fattar vedtak.

Klage på vedtak skal rettast til kommunen og skal behandlast som klage på enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28.

## 2.3 Oppheving av godkjenning

Godkjenninga skal opphevast av kommunen dersom ein TT-brukar ikkje lenger fyller godkjenningsskriteria.

Personar som er godkjende som TT-brukarar, men som ikkje nyttar seg av ordninga innan tolv månadar kan trekkast ut av ordninga.

Godkjenningssnemnda skal gå gjennom godkjende brukarar årleg. TT-brukarar skal sjølv melde frå til kommunen dersom det er endringar hos dei som verkar inn på grunnlaget for godkjenning.

## 2.4 Prioritering av godkjende TT-brukarar

I dei tilfella der kommunen godkjenner fleire brukarar enn tildelt ramme, skal det opprettast ei prioritert venteliste.

## 2.5 Godkjenningssnemnd

Det skal opprettast ei godkjenningssnemnd med minimum to personar i kvar kommune. Nemnda bør ha minimum eitt medlem tilknytt helse- og omsorgstenesta i kommunen.

# 3. Tildeling

## 3.1 Frå fylkeskommunen til kommunane

Omfanget av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt transporttilbod til TT-brukarar vert fastsett i dei årlege budsjetta.

Tildelingssummane til kommunane vert rekna ut frå innbyggjartal og avstand til kommunesenter/senter med kommunale tenester.

80 prosent av totalramma vert fordelt ut frå tal innbyggjarar i kommunane, medan 20 prosent vert fordelt basert kor langt det er frå der folk bur i kommunen til kommunesenteret.

Desse 20 prosentane vert fordelte med 5 prosent for del innbyggjarar som bur 10–20 km frå kommunesenteret, 5 prosent for 20–30 km, 5 prosent for 30–40 km og 5 prosent for del innbyggjarar som bur meir enn 40 km frå kommunesenteret.

### 3.2 Frå kommune til brukar

Kommunen fastset kvart år rettleiande grunnbeløp og tillegg for brukarar av TT-ordninga.

Standardbrukarar får tildelt eit grunnbeløp som er likt for alle brukarane i kommunen. I tillegg kan godkjenningnemnda tildele tillegg for særskilte brukargrupper.

Grupper som bør få ekstra tildeling er

- brukarar som bur langt frå kommunesenter/senter
- brukarar som treng spesialbil (rullestolbrukarar)
- blinde/svaksynte (synsstyrke 0.33 - 6/18 folketrygdlova)

## 4. Transporttilbodet

Brukarkortet er personleg, og innehavar av kortet skal vere med på reisa.

### 4.1 Formål for reisa

TT-ordninga er meint til fritidsreiser som kulturarrangement, sosiale aktiviteter og reiser til dagleglivets gjeremål.

Ordninga skal ikkje brukast til transportoppgåver som på annan måte, heilt eller delvis, vert dekkja av andre offentlege midlar, til dømes:

- reiser som skal dekkast av helseføretak/NAV
- eigendel ved reiser som vert dekkja av helseføretak/NAV
- reiser til/frå skule

### 4.2 Dør-til-dør tilbod

Reisetilbodet er eit dør-til-dør-tilbod.

### 4.3 Reise-område

Ei TT-reise skal bestillast hos ein transportør som har løyve til å drive persontransport mot vederlag.

TT-ordninga er i første rekke meint for reiser i bustadkommunen til brukaren, men brukaren kan også bruke kortet elles i landet.

Dersom kortet vert nytta hos transportørar som ikkje er del av TT-ordninga i Sogn og Fjordane, må TT-brukaren sjølv legge ut for transporten og få dette refundert frå kommunen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sine retningslinjer for TT-ordninga skal overhaldast når reisa vert gjort utanfor fylket.

### 4.4 Følgje i drosje

Dersom brukaren har med følgje, kan denne/desse reise gratis. Det vert ikkje stilt krav om følgjebevis.

Følgje må stige på og av på same stad som TT-brukaren.

## 5. Bruk av TT-ordninga

### 5.1 Brukarkort

Godkjende TT-brukarar, får eit personleg brukarkort. På kortet ligg ein reisekonto tilsvarande tildelte midlar frå kommunen gjeldande år.

Brukarkortet inneheld elektronisk informasjon som viser kva rettar brukaren har i TT-ordninga.

TT-brukaren må ved førespurnad kunne vise legitimasjon som samsvarer med registrert kortinformasjon. Kortet kan ikkje overdragast til andre.

Misbruk fører til inndraging. Tap av kort skal meldast til administrasjonen i bustadkommunen eller kortutferdaren som utferdar nytt kort. Kostnader for nytt kort vert trekt frå reisekontoen.

Brukaren pliktar å melde adresseendring til fråflyttings- og tilflyttingskommunen om han eller ho flyttar. Brukaren blir då meldt som brukar i ny heimstadkommune. Fråflyttingskommune melder dette vidare til kortutferdaren.

Unyttta kort (som følge av endra livssituasjon eller flytting) skal returnerast til kommunen.

Dersom gyldig brukarkort ikkje kan visast, skal det betalast ordinær takst for turen.

### 5.2 Reisekonto

Kommunen/fylkeskommunen vedtek kor stort beløp kvar enkelt TT-brukar får til disposisjon pr. halvår. Avhengig av tildelingsdato vert 50 prosent eller 100 prosent av beløpet overført til ein reisekonto som er i brukarkortet.

Det tildelte beløpet er berre disponibelt for det året det er tildelt. Brukarkorta vert nullstilt 01.01 kvart år. Beløpet som står igjen, vert sletta og tildelte midlar for neste periode vert tilførte.

For kvar tur skal det først betalast eigenandel, deretter vert beløpet på reisekontoen redusert med resterande kostnad for turen.

Saldo på kortet står på taksameterslippen etter utført tur.

Avrekning skjer via taksameter eller billettsystem og vert registrert i ettertid.

Reisekonto kan ikkje overtrekkast. Ev. overskytande beløp må betalast av brukaren.

### 5.3 Sein avbestilling

Transportutgifter som oppstår på grunn av for sein avbestilling, må dekkast av brukaren.

### 5.4 Eigenandel

Brukaren betalar 30 kr i eigenandel pr. reise.

### 5.5 Ikkje nytta midlar

Dersom kommunen ikkje nyttar alle tildelte midlar for TT-ordninga i løpet av året, kjem dei unyttta midlane til fråtrekk på neste års tildeling. Kommunen må overføre unyttta midlar til TT-ordninga påfølgjande år.

## 6. Administrasjon av TT-ordninga

TT-ordninga er ikkje eit lovfesta tilbød. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ansvarleg for ordninga. Ordninga vert administrert av kortuttferdaren, i samarbeid med fylkeskommunen. Den enkelte kommune kan bidra med midlar til ordninga, slik at brukarane i kommunen får eit betre transporttilbød.

### 6.1 Fylkeskommunale oppgåver

- Fastsette økonomisk ramme for TT-ordninga
- Fastsette tildeling pr. kommune
- Tildeling av ekstraordinære TT-midlar
- Utarbeide retningslinjer, nødvendige skjema, informasjonsskriv og brosjyremateriell
- Rettleie og informere kommunane om TT-ordninga
- Kontrollfunksjon for brukarkvoter og økonomi

### 6.2 Kommunale oppgåver

- Behandle søknadar og fatte vedtak om brukargodkjenning, og eventuelt prioritere brukarar på venteliste
- Innhente informasjon som er nødvendig for å vurdere søknadane
- Fastsette tildeling for kvar brukar
- Rettleie og informere brukarane om TT-ordninga
- Halde oversikt over brukarar som ikkje nyttar seg av ordninga over tid, slik at desse kan bli tekne ut av ordninga og avdekke brukarar som ikkje lenger har rett på TT
- Melde TT-brukarar inn og ut av ordninga
- Klagebehandling i høve forvaltningslova

### 6.3 Kortuttferdar sine oppgåver

- Ansvarleg for drift og vedlikehald av løysingar for utferding av brukarkort
- Utferde brukarkort til godkjende brukarar
- Inngå avtaler med transportørar
- Kontrollere krav frå transportør og utføre utbetaling/oppgjjer til transportør for utført TT-transport

### 6.4 Transportør sine oppgåver

- Gjere seg kjent med retningslinjer for TT-ordninga
- Utføre transport i høve retningslinjene
  - Ved behov rettleie brukarane i rett bruk av TT-ordninga

### 6.5 Brukaren sine oppgåver

- Sende inn søknad til kommunen
- Skaffe erklæring frå lege/spesialist på standardisert skjema som skal leggest ved søknad
- Berre nytte brukarkortet til fritidsreiser
- Melde frå til kommunen om ein ikkje lenger oppfyller kriteria for godkjenning

## 7. Godkjenning og endring av retningslinjer

Desse retningslinjene er godkjende av hovudutval for samferdsle. Endringar skal godkjennast av hovudutval for samferdsle.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 01.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
071/20	Utval for helse og omsorg	13.10.2020

## Meldingar og orienteringar møte HO 13.10.20

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

### Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Status Koronapandemien v/Leni Dale-kommunalsjef
- Sambuargaranti ved institusjonsplass